
Fra: Astrid Riise
Sendt: mandag 4. januar 2021 11:50
Til: 'dina.hilland@hotmail.com'
Emne: Svar på e-post av 29.12.2020 - gbnr 131/15 Remme

Hei igjen.

Viser til vårt brev av 05.05.2020 der vi opplyser om at vi har motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning i april 2020 vart registrert avvik i septiktanken dykkar. Meldinga frå Norva24 AS var at tanken, som er ein 2m3 tank er for liten, då massen i tanken renn over.

Viser og til e-post frå deg datert 29.12.2020 der du lurar på kor mange personar ein septiktank 2m3 er berekna til.

Ved kontakt med Norva24 AS får vi opplyst at ein septiktank 2m3 er berekna til hytteforbruk, med tømning kvart 4. år.

Septiktank 4m3 er den størrelsen det er stilt krav om for einebustader, med tømning kvart 2. år.

Vi får opplyst at tanken dykkar vart tømt ved ordinær-tømning i april 2020 og ved ein ekstra-tømning i august 2020.

Helsing

Astrid Riise | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 17 14 49

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE